



HERØY KOMMUNE  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Therese Småland, 71 25 84 94

## Vedtak i klagesak - Herøy kommune - detaljregulering for vassbehandlingsanlegg i Moltudalen

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal stadfestar Herøy kommune si godkjenning av detaljreguleringsplan for vassbehandlingsanlegg i Moltudalen, planid 202204.**

Vi viser til kommunen si oversending av klagesaka den 23. mars 2026.

### Saksgang

Sporstøl arkitekter AS har på oppdrag frå Herøy vasslag ASA utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for vassbehandlingsanlegg i Moltudalen. Herøy kommunestyre godkjente detaljplanen med plankart av 8. oktober 2025 og tilhøyrande føresegn sist revidert 13. november 2025 i møte den 11. desember 2025, sak 126/25.

I perioden 19. januar til 26. januar 2026 fekk kommunen inn klager frå Bjarne Marvin Moltumyr, Magnar Lillestøl, Lennart Lillestøl og Berit Moltu.

Kommunestyret tok ikkje klagen til følge i møte den 19. mars 2026 i sak 22/26. Dei sende saka over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd, sjå plan og bygningsloven (pbl) § 1-9.

I samband med klagesaka har vi motteke to brev frå Lennart Lillestøl av 24. mai og 3. juni 2026. Lillestøl peikar på enkelte manglar i ROS-analysen knytt til det eksisterande flaumvernet / avskjeringskanal nedanfor planområdet. I tillegg har Berit Moltu presisert enkelt klagepunkt per telefon 6. mai 2026.

### Statsforvaltaren si rolle

Klagen er sendt inn innafor klagefristen, og vilkåra for at Statsforvaltaren kan behandle saka er oppfylte. Statsforvaltaren kan prøve alle sider av saka, sjå forvaltningslova § 34. Vi kan sjå nærmare på saksbehandlinga, bruk av rettsreglar, og om kommunen sitt skjønn i reguleringssaka er forsvarleg utøvd. Vi kan òg ta opp tilhøve som ikkje er nemnt i klagen dersom vi finn grunn til det. Resultatet av vår klagebehandling kan bli at vi stadfestar eller opphevar reguleringsplanvedtaket. Vi kan ikkje gjere endringar i reguleringsplanen utan å leggje saka fram for kommunen.



## Saka gjeld

### Detaljplanen

Planen regulerer etableringa av eit nytt vassbehandlingsanlegg langs Nygjerdevegen på fjellet i Moltudalen. Det skal førast opp eit bygg for reinseanlegg og to tankar med reservevassbasseng. I tillegg vert det sett ned tilhøyrande vassleidning frå fjellet. Leidningsnettet skal liggje langs med ein allereie etablert tilkomstveg ned til det eksisterande reinseanlegget lenger nede i dalen, før utslepp går via eksisterande nett ned til sjøen på Moltustrand.



Føremålet er å sikre ei trygg og framtidretta vassforsyning frå hovudvasskjelda Mørkevatnet.

Mattilsynet godkjente allereie i 2020 planane om eit nytt vassbehandlingsanlegg. Seinare uttrykte dei bekymring til kommunen i 2023 om den framtidige drikkevassforsyninga til Herøy vasslag, då det vart påvist urovekkande høge fargetal i råvatn og ferdig levert drikkevatn. Drikkevassforskrifta krev tiltak sidan grensene er overskride i prøvetakingar.

Eit nytt vassbehandlingsanlegg skal sørge for at ein får reinsa ut humus og andre partiklar som i dag fører til problem i eksisterande høgdebasseng og leidningsnett. Herøy vasslag forsyner ca. 5000 personar, samt fleire offentlege institusjonar og private næringsverksemdar med drikkevatn i Ytre Herøy.

I gjeldande kommuneplan for Herøy (2013 – 2025) er planområdet avsett til LNF-område (landbruk- natur, og friluftsområde). Planområdet er i dag ubygd.

### Klagane

Dei fire klagene tek opp fleire ulike forhold som dei meiner fører til at vedtaket av detaljreguleringsplanen er ugyldig:

- Habilitetsmanglar
- Manglande medverknad for grunneigarane
- Manglande konsekvensvurdering av alternative lokalitetar
- Manglande utgreiing av eldre kulturminne
- Manglande utgreiing av tap av beitemark og påverking på naturmangfaldet og friluftsliv
- Manglande synleggjering av landskapsverkander og det nasjonale viktige kulturmiljøet «Flåværlia»
- Feil i saksgrunnlaget om vasskvaliteten på vatn frå Mørkevatnet
- Saksutgreiinga tek ikkje tek stilling til mogleg tilbakeføring av fallrettigheter til grunneigarane ved oppløysing av Herøy vasslag, som saksgrunnlaget byggjer på
- Rapportane frå Runde miljøsentar er tufta på feil
- Tilkomstvegen til planområdet er feilaktig merka som offentlig
- Manglar i ROS-analysen knytt til risiko, særleg for Villa Smolt, men også for anna busetnad på Moltustranda





### **Rettslege utgangspunkt**

Kommunestyret er øvste plan- og arealbruksmyndigheit i kommunen. Gjennom arealplanar og reguleringsplanar bestemmer kommunestyret kva ulike områder i kommunen skal nyttast til. Kommunestyret vedtar nye planar, eller gjer endringar i eksisterande planar. Dei rettslege rammene for kva som kan bestemast av arealbruk følgjer av pbl. §§ 12-5, 12-6 og 12-7.

Plan- og bygningsloven gir saksbehandlingsreglar for korleis planprosessen skal gå føre seg. Areal- og reguleringsplanar blir til gjennom grundige planprosessar. Fagorgan og andre som har interesser i området skal involverast. Slik blir ulike interesser og omsyn som skal vere ein del av avgjerdsgrunnlaget, høyrte og vurderte når kommunestyret skal bestemme arealbruken for eit område.

Fleire interesser og omsyn kan gjere seg gjeldande ved same type arealbruk, og i nokre tilfelle kan dei vere motstridande. Det er opp til kommunestyret sitt frie skjøn å avgjere kva interesser og omsyn som skal vege tyngst, og kva som er den mest tenlege arealbruken for eit område. Arealbruksvurderinga må vere sakleg grunngjeve ut i frå reguleringsmessige og alminnelege forvaltningsmessige krav.

Dette inneber at dei vurderingar som ligg til grunn for arealbruken, ikkje må vere mangelfulle eller vilkårlege, og heller ikkje motiverte av utanforliggende omsyn. Reguleringsvedtaket må ikkje stå fram som sterkt urimeleg eller uforholdsmessig ovanfor den enkelte grunneigar. Vedtaket må heller ikkje innebere at nokon av grunneigarane blir forskjellsbehandla utan at det er sakleg grunn for det.

Når det gjeld kommunestyrets skjønnsmessige vurdering av kva som er den mest tenlege arealbruken for eit område, skal Statsforvaltaren som klageinstans legge stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret, sjå fvl. § 34, 2. ledd.

### **Statsforvaltaren si vurdering**

Statsforvaltaren vil i det følgjande ta stilling til dei ulike klagegrunnane tematisk. Hovuddelen av klagen gjeld påstandar om manglande eller mangelfull utgreiing av ulike forhold i samband med planarbeidet, samt sakshandsamingsfeil. Til sist tar vi stilling til kommunens arealbruksvurdering.

### **Habilitet**

Det er stilt spørsmål om habiliteten til tilsette i kommuneadministrasjonen som har utarbeidd saksframlegg til kommunestyret, og til fleire ikkje-namngjevne kommunestyrerepresentantar som deltok i sakshandsaminga. Det vert påstått at fleire av desse har kjennskap/slektskap til grunneigaren av den aktuelle eigedomen, og kjennskap/slektskap til medlemmar i styret i Herøy vasslag.

Vidare meiner klagarane at representantane i kommunestyret som bur i ytre Herøy og som får vatnet sitt frå Herøy vassverk, er inhabile. Grunngjevinga er at desse representantane vil få direkte økonomiske konsekvensar for dei gjennom abonnementsprisen.

Etter forvaltningslova § 6 første avsnitt er ein offentleg tenestemann «ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak» når vedkomande er part i saka, er i slekt med ein part eller sit i styret til eit selskap som er part i saka. Dei same reglane gjeld for folkevalde, sjå kommunelova § 11-10 første avsnitt.



I samband med kommunestyret si handsaming av plansaka den 11. desember 2025 og klagebehandlinga den 19. mars 2026, fekk fleire representantar i kommunestyret vurdert habiliteten sin. Fleire gjekk også frå under handsaming av sakene grunna inhabilitet. Vi er ikkje kjent med at det er fleire enn desse som har slektskap med partar i saka.

Dersom tenestepersonen ikkje er inhabil etter forvaltningslova § 6 første avsnitt, kan ein vere inhabil etter andre avsnitt. Vilkåret er at det ligg føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til at vedkommande er upartisk. I vurderinga skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan innebere særleg fordel, tap eller ulempe for tenestemannen sjølv eller nokon som vedkommande har nær personleg tilknytning til.

Ei avgjerd om eit nytt vassbehandlingsanlegg får indirekte følgjer for abonnementsprisen for dei som får vatn frå anlegget. Samtidig leverer Herøy Vassverk drikkevatn til om lag 2 800 abonnentar i ytre Herøy, slik at ein stor del av innbyggjarane i kommunen får vatn frå vassverket. Vassforvaltninga er eit sentralt forvaltningsområde i ein kommune som administrasjonen lyt handsame sjølv om dei får vatn frå same vasskjelde.

I rettleiaren «*Habilitet i kommuner og fylkeskommuner*» frå Kommunal og regionaldepartementet står følgjande:

*«For at noe skal utgjøre en særlig fordel, tap eller ulempe for tjenestemannen, den folkevalgte eller deres nærmeste, må det dreie seg om en fordel eller ulempe som tilkommer vedkommende spesielt, eller som hun eller han vil merke i spesielt stor grad. Hvis mange eller en ubestemt krets vil få tilsvarende fordel eller ulempe, er det ingen særlig fordel eller ulempe for tjenestemannen.»*

I denne saka vil samlege abonnentar som får vatn frå Herøy Vasslag ha «vinning» av at kommunen vel det alternativet som er antatt å gje minst kostnader. Dette gjeld for ein så vid krets av personar at det ikkje fører til at korkje tilsette eller folkevalde vert inhabil av den grunn. Statsforvaltaren finn ikkje grunnlag for å konstatere at vedtaket er ugyldig som følge av habilitetsmanglar.

#### Privatrettslege tilhøve

Statsforvaltaren skal som klageinstans for klagesaker etter plan- og bygningsloven berre ta stilling til dei offentlegrettslege sidene ved saka. Dette gjeld med mindre lova sjølv krev avklaring av privatrettslege tilhøve.

Ein reguleringsplan legg til rette for kva arealbruk som i framtida skal vere tillat i eit område. Avtalar om fallrettigheiter til drikkevatnet og framtidige (hypotetiske) erstatningsspørsmål ligg utanfor det offentlege si regulering av arealet. Dette er reint privatrettslege spørsmål.

I samband med reguleringsplansaka er det heller ikkje aktuelt å ta nærare stilling til klagepunkta om kven som har rett til å levere vatn frå Mørkevatnet. Vi forstår saka slik at både Herøy Vassverk og Moltustranda Vassverk har etablert leidningsnett frå denne vasskjelda i dag.

Spørsmålet om vegrett fram til ei byggjetomt kan vere avgjerande for om tiltaket planen legg til rette for kan realiserast. Kommunen skal etter pbl. § 27-4 sjå til at ei byggjetomt er «sikret lovlig atkomst til veg som er open for alminnelig ferdsel eller ved tinglyst dokument eller på annan måte være sikret vegforbindelse som kommunen godtar som tilfredsstillende».



Gjennom saksdokumenta ser vi at vegen ligg på privat eigedom, men at den er registrert som ein offentlig, kommunal veg. Utgangspunktet vil då vere at vegen er allment tilgjengeleg og at spørsmåla om vegrett ikkje kjem «på spissen» i plansaka.

Dersom det skulle vise seg at anlegget manglar vegrett, gjev vedtaket av reguleringsplanen kommunen oreigningsrett til vegen for å kunne gjennomføre planen. Med bakgrunn i det som står skrive i avsnittet over, ser vi ikkje grunn til å gjere særskilte vurderingar av spørsmålet om oreigning i vedtaket vårt. For vår del viser vi kort til den avsluttande interesseavveginga i dette vedtaket, og at det ligg føre sterke samfunnsmessige omsyn om å vedta reguleringsplanen.

Avslutningsvis om dette viser vi til at kommunen som øvste lokale planmynde har stort spelerom til å vedta den arealbruken dei ynskjer innanfor reglane i plan- og bygningslova, sjå pbl. § 3-3. Dette gjeld òg arealbruk i strid med etablerte private rettar. Korkje kommunen eller Statsforvaltaren har mynde til å avgjere endeleg slike privatrettslege spørsmål. Spørsmålet om arealbruken faktisk er i strid med etablert privat rettar er eit spørsmål som må avgjerast ved dei ordinære domstolane.

#### Konsekvensutgreiing og alternativvurdering

Etter pbl. § 4-2 andre ledd skal det for reguleringsplanar som kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn, utarbeidast ei konsekvensutgreiing (KU). Konsekvensutgreiinga skal skildre planen sin verknad for miljø og samfunn.

Føresegna vert supplert av forskrift om konsekvensutredningar (KU-forskrifta). Til forskrifta høyrer det til to vedlegg; vedlegg I (planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast) og vedlegg II (planar og tiltak som skal vurderast nærare).

KU-forskrifta § 6 omhandlar planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast. Etter føresegna første ledd bokstav b) skal det utarbeidast KU for reguleringsplan etter plan- og bygningslova for tiltak som er nemnt i vedlegg I. I vedlegg I nr. 12 og 15 er det KU-plikt for tiltak som omfattar transport eller anlegg for oppdemming og lagring av store mengder vatn. Det vil seie 100 millionar m<sup>3</sup> vatn i punkt 12 a) og 10 millionar kubikk i punkt 15 a). Det er opplyst at planlagt produksjon for vassbehandlingsanlegget i Moltudalen er estimert til kring 1,5 mill. m<sup>3</sup> i året, noko som er lagt unna desse grensene.

KU-forskrifta § 8 omhandlar planar og tiltak som skal ha KU dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, sjå KU-forskrifta § 10. Kravet omfattar reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II. I vår samanheng er det einaste aktuelle punktet å vurdere, det som følger av nr. 10 bokstav g) i vedlegg II: «*Demningar og anlegg for oppdemming eller varig lagring av vann*».

Dette alternativet er knytt opp mot vassressurslova og med Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) som ansvarleg myndigheit, saman med planmyndigheita. Vassressurslova regulerer tiltak i vassdrag og bruk av grunnvatn. Vassressurslova definerer i § 3 vassdragstiltak som følgjer:

*“vassdragsanlegg og alle andre tiltak i vassdraget som etter sin art er egnet til å påvirke vannføringen, vannstanden, vassdragets leie eller strømmens retning og hastighet eller den fysiske og kjemiske vannkvaliteten på annan måte enn ved forurensning.”*

Vårt anlegg er ikkje av ein slik art. Vi er difor samd med kommunen om at tiltak som er omfatta av omgrepet «varig lagring av vann» i nr. 10 bokstav g) primært gjeld nye demningsanlegg til drikkevassformål eller liknande større tiltak som vesentleg påverkar elveløpet, og som etter særlova



vil krevje nye konsesjonar frå NVE. Vassbehandlingsanlegget i Moltudalen skal ikkje få direkte innverknad på det eksisterande elveløpet i Storelva, og anlegget treng ikkje noko konsesjon frå NVE. Detaljreguleringa vert difor ikkje omfatta av KU-kravet.

Som følgje av dette er det heller ikkje eit lov- eller forskriftsfesta krav om å greie ut alternative plasseringar av tiltaket. Valet av den aktuelle lokasjonen for planområdet og vassbehandlingsanlegget må likevel være tilstrekkeleg utgreidd og grunngeve.

Statsforvaltaren ser at det allereie i mai 2022 vart sendt planinitiativ for oppstart av reguleringsplanarbeid for etablering av nytt vassbehandlingsanlegg i Moltudalen. Anlegget var planlagt i tilknytning til det eksisterande reinseanlegget på gbnr. 60/22, 60/5 og 60/8,9,10, som ligg noko lenger nord samanlikna med den vedtekte reguleringsplanen.

Herøy Vasslag SA fekk mange merknadar frå naboar og andre interessentar som har ønska ei anna lokalisering av anlegget. Herøy vasslag inngjekk i etterkant avtale om kjøp av parsell gbnr. 60/32, som ligg lenger sør i Moltudalen, lenger vekk frå bustadområdet ved sjøen. Planinitiativ for endra lokalisering vart sendt Herøy kommune 23. november 2023.

Spørsmålet om alternativ lokalisering var eit tema i planprogrammet som vart utarbeidd i samband med planoppstart på ny lokalisering. Utval for samfunnsutvikling vedtok planprogrammet den 23. oktober 2024.

I planprogrammet vart det utgreidd totalt fire ulike alternativ for plasseringa; Myklebuståsen, Frøystad, og to ulike lokasjonar i Moltudalen. Etter å ha vurdert fordelar og ulemper med dei ulike alternativa opp mot teknisk infrastruktur, investeringsbehov, konsekvensar for abonnement, stabilitet, naturinngrep, tilkomst og planstatus, vart det konkludert med følgande:

*«Slik det kjem fram av kommuneplanen sin samfunnsdel, er eit av satsingsmåla til Herøy kommune sikker vassforsyning innanfor økonomisk forsvarlege rammer med optimal bruk av vassressursane.*

*Med bakgrunn i Herøy kommune sine satsingsmål, samt vurdering ovanfor kva gjeld mellom anna stabilitet og investeringsbehov/behov for ny teknisk infrastruktur, er etablering på Moltu med Mørkevatnet som kjelde vurdert å vere den mest samfunnsøkonomisk riktige og mest føremålstenlege plasseringa. Val av plassering av nytt reinseanlegg og høgdebasseng på Moltu er basert på kontinuitet i vassflyt, reservevassberedskap for tre vassverk, eksisterande infrastruktur som kan nyttast, og ei løysing som er den minst samfunnsøkonomiske belastande. Ei plassering på Moltu mogleggjer ein stabil og jamn produksjon til reinseanlegg uavhengig av forbruk ute på nett og sikrar god leveringstryggleik for Herøy Kommune.»*

Denne vurderinga låg til grunn for samfunnsutvalet sitt vedtak av planprogrammet, og den vidare planprosessen.

Statsforvaltaren ser at kommunen har fått kartlagt ulike alternative lokasjonar for anlegget, og at val av lokasjon er avgjort etter planfaglege relevante omsyn. Her er mellom anna omsynet til naturinngrepa med dei ulike lokalitetane vurdert. Fleire av dei andre alternativa vil føre til større terrenginngrep, inkludert både tilkomstvegar, skjeringar og grøfter for leidningsnett som har større innverknad på naturen og landskapet. Det kjem fram av saksutgreiinga at etablering av anlegget vil føre til naturinngrep og at det er negativt for nærleiken til turområde. Det er også vist til at konkrete vurderingar knytt til naturmangfaldet er gjennomført i egne rapportar (sjå seinare i vedtaket om dette). Dei negative konsekvensane vert likevel vurdert å være færre enn dei positive.



Vidare har kommunestyret i sjølve planvedtaket vektlagt at plasseringa er forsvarleg av omsyn til naboar, naturverdiar og fellesinteresser. Det er lagt vekt på at planforslaget har gått igjennom ei rekke justeringar undervegs for å dempe negative verknader, og sikrar at det er tatt omsyn til lokale og regionale interesser i størst mogeleg grad, samtidig som det sikrar eit viktig samfunnsgode med meir føreseieleg tilgang på reint drikkevatt. Klagepunkta vert ikkje tatt til følgje.

#### Manglande medverknad

Eitt av klagepunkta gjeld manglande medverknad for grunneigarar og bygdefolk på Moltustranda ettersom det berre var eitt oppstartsmøte og eitt informasjonsmøte i samband med planarbeidet. Mange har sendt inn merknader til saka, men desse er ikkje teke omsyn til. Vidare har fleire sendt merknader og innspel, samt lesarinnlegg, men desse er ikkje å finne att på saka.

Saksbehandlingsreglane for utarbeiding og vedtak av reguleringsplanar kjem i hovudsak fram av plan- og bygningslova kapittel 12. Her vert det stilt minimumskrav til korleis ein planprosess skal gå føre seg.

Gjennom planomtalen kjem det fram at oppstart av planen vart varsla gjennom annonse i lokalavisa Vestlandsnytt, og at varsel til ulike høyringsinstansar, grunneigarar og naboar vart sendt den 6. mai 2024. I tillegg vart oppstarten annonsert på kommunen sine heimesider og på heimesidene til Sporstøl Arkitekter. Uttalefristen vart sett til 23. juni 2024. Forslagsstillaren gjennomførte eit informasjonsmøte for grunneigarar og andre i mai 2024 i samband med oppstartsvarselet.

Etter at utval for samfunnsutvikling den 3. juni 2025 hadde handsama og godkjent framlegget til detaljreguleringsplanen, vart planforslaget lagt ut på offentleg ettersyn i perioden 8. august 2025 – 19. september 2025. I tillegg vart det arrangert eit nytt ope folkemøte om planane på Moltustranda den 25. august 2025, initiert av forslagsstillaren og kommunen.

Høyringa resulterte i totalt 11 innspel frå privatpersonar og organisasjonar, samt 4 frå politiske råd og utval. Kommunen har sjølv svart ut dei innkomne markandane, med suppleringsar frå tiltakshavar og plankonsulent. Merknadane og svar på desse låg ved saka som vart sendt til politisk behandling.

Statsforvaltaren ser at det gjennom planprosessen har vorte lagt til rette for stor grad av medverknad gjennom offentlege høyringar og folkemøte. Dette er både i samsvar med og går ut over minstekrava etter plan- og bygningslova. Klagarane har vore involvert i planprosessen, og har kome med sine tilbakemeldingar og merknader til saka. Kommunen har gjort enkelte tilpassingar ut frå tilbakemeldingane. Vi vurderer at dette er i samsvar med lova sine krav til medverknad.

#### Manglar i ROS-analyser

Klagarane tar opp at planforslaget inneberer stor risiko for bustadar, men særleg for smoltanlegget Villa Smolt som ligg ved utløpet av Storelva. Dei viser til at både anleggsperioden og ordinær anleggsdrift er forbunde med høg risiko. Det er manglande vurderingar i ROS-analysane angående forureining av smoltanlegget, fare for tankbilvelt, framtidig drenering nedstrøms, risiko ved brot på vassleidningar og kollaps av høgdebasseng.

Allereie i samband med utarbeiding av planprogrammet vart det gjort førebelse utgreiingar om planforslagets innverknad på miljø og samfunn. Her vart det avklart kva for tema som måtte utgreiast nærare i planprosessen, slik som overvatn, drenering og konsekvensar for både nærområdet til anlegget samt nedstrøms areal som kan påverkast under anleggsfase og seinare



drift. Kommunen sette krav om eigen fagkunnig rapport om teamet, og allereie i oppstartmøte vart det anbefalt at forslagsstillaren bør utarbeide ei eiga ROS-analyse for tiltaket.

I plandokumenta som ligg til grunn for kommunen si godkjenning av planen, ligg det følgande rapportar knytt til risiko og sårbarheit:

- Samla ROS-analyse, utarbeidd av Sporstøl arkitektar, sist oppdatert 1. april 2025.
- ROS-analyse for miljøpåvirkningar under byggeperioden, frå Sweco, datert 2. februar 2025.
- ROS-analyse for utslipp fra vannbehandlingsanlegget i drift, frå Sweco datert 5. februar 2025.
- ROS-analyse – Konsekvenser for produksjonen til Villa Smolt AS, datert 7. februar 2025.

Den samla ROS-analysen konkluderer med at det er risiko for utslepp frå anlegget både i byggeperioden og i driftsfasen. Det vart difor laga eigne ROS-analyser for desse forholda. Rapportane ser meir detaljert på miljøpåverknader og risiko for utslepp både under byggeperioden og i driftsfasen. Her er også ei eiga vurdering av konsekvensar for produksjon ved Villa Smolt, som i detalj går inn på dei ulike tilhøva og den konkrete risiko knytt til dette.

Det er fleire hendingar som er vurdert i risikoklasse «betydeleg». Dette gjeld mellom anna auka erosjon ved gravearbeidet, partikkelspreiing frå lausmassedeponi og avrenning frå betongarbeid i anleggsfasen. Alle desse scenarioa fører til negativ konsekvens for Villa Smolt. Når anlegget er ferdig er det vurdert at tankbilvelt og brot på hovudvassleidninga er hendingar som representerer betydeleg risiko for miljøet generelt og for Villa Smolt. Det er i begge analysane gitt tilrådingar om risikoreduserande tiltak.

Gjennom ROS-analysen for Villa Smolt er det funne totalt 28 uønskte hendingar som kan føre til alvorlege konsekvensar for smoltproduksjonen, både når det gjeld massedød og store økonomiske tap. Av desse er det fire som er klassifisert som «uakseptable.» Dette er auka erosjon grunna gravearbeid, partikkelspreiing frå deponi av lausmasser, tankbilvelt og brot på hovudleidninga. Gjennom analysen er det lista opp konkrete løysingar for å minimere risikoen.

Det ligg òg føre ei ROS-analyse med utrekningar av konsekvensen ved ei plutselig tømning av vassbehandlingsanlegget. Anlegget inneheldt til saman 10 200 m<sup>3</sup> vatn fordelt på to tankar som potensielt kan fløyne ned Moltudalen, til dømes etter ein plutselig eksplosjon, terrorhandling eller liknande. Dette vil mellom anna føre til katastrofale konsekvensar for Villa Smolt. Det er mindre sannsynleg at dette vil skje, noko som gjer at hendinga er sett i risikoklasse «betydeleg». I ROS-analysen er det angitt ulike tiltak både for anleggseigaren og for Villa Smolt om korleis dei kan utføre risikoreduserande tiltak.

Som følgje av ROS-analysane har kommunen fastsett juridisk bindande føresegner til planen. I punkt 2.5 er det sett krav til anleggsperioden om at lausmassedeponi ikkje skal plasserast slik at det skjer avrenning til Storelva, ein skal unngå spyling av betongbilar eller anna utstyr på anleggsområdet, og det er ikkje tillat med støyping eller herding av betong ved store nedbørsmengder. I tillegg er tiltak mot overvatn fastsett i punkt 2.9 og overvaking av leidningsnett tatt inn som krav i punkt 2.14.

Under punkt 2.15 er det fastsett at ved etablering og anleggsdrift skal det takast omsyn til forhold som kan ha konsekvensar for produksjonen til Villa Smolt, og at anbefalte risikoreduserande tiltak i ROS-analysen for Villa Smolt skal leggjast til grunn. ROS-analysen fastset følgjande risikoreduserande tiltak som tiltakshavaren må syte for:



- Planlegging av gravearbeid for å avgrense mengda eksponert jord og avrenning, samt unngå graving i periodar med kraftig nedbør. For å handtere store nedbørsmengder og unngå forureina avrenning til Storelva, skal det utarbeidast en detaljert beredskapsplan.
- Lausmassedeponi skal plasserast slik at avrenning ikkje skjer til Storelva og vidare til Villa Smolt.
- Redusere køyrehastigheit på tilkomstvegen og etablere fangdammar i grøftekantane som vil leie overflatevatn med støvrestar hit. Unngå betongarbeid ved store nedbørsmengder, særleg støyping og sliping av betong.
- Vask av anleggsutstyr skal gå føre seg utanfor planområdet og nedstraums vassinntaket til Villa Smolt.
- Etablering av rutinar for oppfylling av kjemikalietankar, som heldt i 120 døgn, før veggen opp til anlegget blir glatt om hausten, dette for å minimere sjansen for tankbilvelt.
- Etablering av system som fangar opp brot på hovudleidning for å sikre rask responstid og fastsetting av regelmessig inspeksjon og vedlikehald av hovudleidningar.
- Luttank skal leggjast i tett betongkammer som samlar opp alt innhald.
- Dieseltank og tankar for kjemikalier skal integrerast i ramma på aggregatet og plasserast i rom utan sluk, slik at tankane sitt innhald kan fangast opp i rommet utan at forureining kan nå sluk.

Vi forstår punkt 2.15 med den tilhøyrande tiltakslista i ROS-analysen som juridisk bindande krav for anleggseigaren med krav til risikoreduserande tiltak. Dette er også avklart per telefon med Herøy kommune.

Når det gjelder plutselig tømning av vassverket kjem det fram av ROS-analysen at vassverket allereie har gjort tiltak for å verne bustadane lenger nede ved å legge opp vollar som sikrar at mesteparten av vatnet finn vegen ned til Storelva. Dette er gjort for å verne liv og helse i bustadområdet, og vil på alle måtar gå negativt ut over Villa Smolt.

Konsekvensane for Villa Smolt kan avgrensast med følgjande tiltak frå Villa Smolt si side:

- Oppskalere mengda krisevatn som dei får frå Moltustranda vassverk for å halde drifta gåande utan tilgang på vatn frå Storelva i ein kort periode.
- Etablere eige reservevassforsyning for å kunne halde drifta gåande i ein kort periode.
- Etablere eige reinsesystem for å sikre stabil og god vasskvalitet.

Analysen viser at dette er tiltak som er fornuftig for Villa Smolt å innarbeidde uavhengig av etableringa av vassbehandlingsanlegget som følgje av eit meir ustabil klima og ekstremnedbør. Tiltakspunkta knytt til Villa Smolt si eiga verksemd er ikkje del av dei juridisk bindande krava etter punkt 2.15, men er frivillige tiltak Villa Smolt sjølv må ta stilling til om dei vil etablere. Også dette er avklart med Herøy kommune.

Vidare er det fastsett to rekkefølgjeføresegner i § 5 med krav til forhold før anlegget vert sett i verk:

*«5.1. Før bruksløyve vert gjeve*

*Før bruksløyve vert gjeve skal nødvendige tekniske løysingar for vatn-, overvatn- og avløpshandtering, samt sløkkjevatn, vere opparbeidd med tilstrekkeleg kapasitet.*



## 5.2. Før igangsetjingsløyve vert gjeve

Før igangsetjingsløyve vert gjeve skal det vere etablert ein detaljert beredskapsplan som mellom anna inkluderer:

- Varslingsrutinar til Villa Smolt
- Klare prosedyrar for midlertidig stans av arbeid
- Rutinar for rask tildekking av eksponert jord
- Strategiar for akutt utsleppsbegrensing
- Plan for å sikre tilgjengeleg beredskapsutstyr på anleggsområdet, som sandsekker og ekstra erosjonssikringsmaterialar
- Plan for grundig opplæring av entreprenørar og anleggspersonell i erosjonsforebygging og avrenningskontroll.»

Statsforvaltarens vurdering er at ROS-analysane gjev eit godt bilete av risikoen som er forbundet både med anleggs- og driftsperioden. Statsforvaltaren må, som kommunen, lene seg på dei fagkunnige rapportane som er utarbeidd. Rapportane tar for seg ei rekke tema og scenario, og gav kommunestyret eit godt grunnlag å vurdere saka ut frå. Konklusjonen i rapportane er at tiltaket neppe gjev stor negativ effekt nedstraums, men at plutselig tømning av tankar kan skade terrenget i vest, bygg langs Storelva og verksemda Villa Smolt. Dei avbøtande tiltaka som er lista opp og fastsett som føresegner i planen gjer at risikoen er vurdert som akseptabel.

Avslutningsvis gav Lennart Lillestøl nokre tilleggsmerknader til klagesaka direkte til oss i mai og juni. Han peiker på at flaumvern/avskjeringskanalane under spesielle snø-, is- og temperaturforhold ikkje vil fungere som tiltenkt, fordi vatn vil leiast over dei snø- og isfylt kanalane. Dette meiner han at det ikkje er tatt høgde for i ROS-analysen.

Statsforvaltaren viser til at avskjeringskanalane allereie er etablert i tilknytning til dagens anlegg som eit flaumførebyggjande tiltak. Formålet er å føre overflatevatn utanfor og forbi tettbygde område på Moltustranda. Sjølv om forhold kring særlege snø- og isforhold ikkje er vurdert konkret i samband med plansaka, ligg det som ein grunnleggande føresetnad for anleggsdrifta at desse vert haldne opne året rundt. Dette gjeldt uavhengig av etableringa av det nye vassbehandlingsanlegget. Vi kan ikkje sjå at denne mangelen verkar inn på saka.

Vi nemner elles at ROS-analysen har vist at avskjeringskanalane er tilpassa dimensjonane for det nye vassbehandlingsanlegget.

Korleis eit eventuelt erstatningsoppgjer ved ei ulukke som gir økonomisk tap for Villa Smolt skal følgjast opp er eit privatrettsleg høve som ikkje har relevans for sjølve reguleringsplanen.

### Feil i fagrapportar

Klagarane meiner det ligg feil premiss til grunn for Runde forskning sine Miljørapportar. Rapportane byggjer på feil kunnskapsgrunnlag, uriktig straumretning, og har lagt for lite omsyn til utslepp av Al-holdig humus på Moltuvika rett ved ein badeplass med sjeldan skjelsand og ved den beste lokale fiskeplassen.

Det planlagde vassbehandlingsanlegget vil nytte eksisterande leidningsnett frå dagens anlegg lenger nede i Moltudalen, og ned til fjorden i Moltuvika. Leidningane vil føre humus og andre overskytande kjemikalier frå reinsinga 150 meter ut i sjøen i Moltuvika, og ned på ei djupne på 30 meter. Det er i



planprosessen gjort følgjande fagkunnige utgreiingar for å vurdere konsekvensane dette har for fjordsystemet:

- Runde Miljøseier - Vurdering omkring planlagt utslepp frå reinseanlegg på Moltu, (oktober 2019)
- Runde Forsking - Utslepp til Moltuvika av filterrest frå planlagt reinseanlegg for drikkevatt. KU for marint miljø (august 2022).

Den nyaste rapporten konkluderer med at det planlagde utsleppet frå det nye reinseanlegget til Moltuvika vil innehalde komponentar som teoretisk sett kan representere ein miljørisiko i fjorden. Utgreiingar viser at det vil oppstå ei innblandingssone på mellom 5-7 meter frå utsleppspunktet, der miljømessige grenseverdier for suspendert stoff og aluminium kan overskridast.

Ut over dette viser utrekningane at det ikkje vil oppstå verknadar som vil true miljøtilhøva og biomangfaldet i vassførekomsten Herøyfjorden-Røyrasundet. Den økologiske og kjemiske tilstanden for vassførekomsten vil elles ikkje bli påverka, og miljørisikoen i sjø for tiltaket er gjennom rapporten difor samla sett vurdert som liten.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gav 20. april 2023 Herøy Vasslag SA løyve til utslepp av spylevatn ut i fjorden ved Moltuvik for det nye vassbehandlingsanlegget. Med bakgrunn i dei vilkåra som er gitt, meiner Statsforvaltaren at verksemda det er gitt løyve til, ikkje vil føre til uakseptabel forureining.

I løyvet er straumtilhøva i fjorden vurdert. Konklusjonane viser at det for utsleppspunktet på 30 meter er mindre straum enn lenger oppe mot vassflata, men at straumforholda generelt er gode og at nedstraums utsleppspunktet aukar fortyninga raskt og fordeler utsleppet på ein avstand på 100 meter frå utsleppspunktet. Den raske uttynninga gjer det lite truleg at utsleppet vil verke inn på blautbotnomsråde som ligg 400 meter lenger inn, og at det heller ikkje når inn til stranda.



Også forholda opp mot skjelsand-lokaliteten i fjorden vurdert, og konklusjonen er at utsleppspunktet ligg i utkanten av lokaliteten og ikkje påverkar lokaliteten direkte.

I utsleppsløyvet sette Statsforvaltaren vilkår om prøvetakingar av botn og vatn. Formålet var å sjå til at innlagring og spreining er i samsvar med søknaden og eit eige måleprogram av fjorden for å sjå til at det ikkje skjer uakseptabel påverknad på resipienten. Det er fastsett tilhøyrande fristar for når dette skal gjennomførast.

Konklusjonen frå Statsforvaltaren i utsleppsløyvet var følgjande:

*«Med bakgrunn i dei vilkår som er gitt, meiner Statsforvaltaren i Møre og Romsdal at verksemda det er gitt løyve til ikkje vil føre til uakseptabel forureining. Vilkår i løyve vil auke kunnskapen om vasskjelda og ein vil få vite om utsleppet vil ha ein langtidseffekt på resipienten. Vi kan ikkje sjå at utsleppet skal påverke fiskeplassane.»*

Statsforvaltaren som klageinstans og Herøy kommune som planmynde må leggje til grunn dei fagrapportane som er utarbeidd. Runde Forsking er ein forskingsstasjon som står uavhengig frå planprosessen, og vi har ikkje grunn til å tvile på innhaldet i rapporten. Det er ikkje lagt fram andre utgreiingar som konkluderer annleis.



## Manglande utgreiing av særskilte interesser

I klagene vert det hevda at kommunen ikkje har utgreidd godt nok kva negative verknader naturmangfald, beitemark, friluftsliv, landskap og kulturmiljø får ved å plassere vassbehandlingsanlegget på den aktuelle staden.

Innleiingsvis gjentar vi at planområdet er avsett til landbruk- natur og friluftsmål i kommuneplanen. Planområdet ligg ca. 200 meter over havet på Moltufjellet og er del av eit populært turterreng. I følge naturbasekart består terrenget av open fastmark og frisk vegetasjon, med arealtype snaumark.

I arbeidet med planprogrammet vart det trekt fram behov for nærare utgreiing av tiltaket sine verknader mellom anna på landbruk, naturmangfald, friluftsliv/rekreasjonsverdi, landskapsverknader og kulturminne.



### Naturmangfaldsinteresser

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal nyttast ved utøving av offentlig myndigheit, sjå naturmangfaldlova § 7. Det følgjer av § 8 at «Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger.»

Gjennom reguleringsplanprosessen er det gjort konkrete utgreiingar rundt konsekvensane for naturmangfaldet ved etableringa av vassbehandlingsanlegget. Selskapet Miljøfaglig Utredning har gjennomført ei konsekvensutgreiing for naturmangfaldet, sjå rapporten 2024-N10.

I samband med 2024-N10 vart det den 7. november 2023 gjennomført eit feltarbeid med registrering av naturverdiar i det vedtekte planområdet. Under feltarbeidet vart det notert ein del artar av karplantar, lav og mose. I notatet vert det konkludert med at planområdet med sjølve vassbehandlingsanlegget og tilhøyrande tilkomstveggar er planlagt på det som må sjåast på som sterkt endra mark, utan spesiell naturverdi i seg sjølv. Det er likevel innslag av kystlyngheie som er ein utvalt naturtype. Kvaliteten på kystlyngheia innanfor planområdet er vurdert å være sterkt redusert grunna tidlegare opparbeiding av areal som beitemark.

Våren 2024 vart det satt ut 2 lytteboksar innanfor planområdet i perioden frå 13. til 19. april og frå 2. til 18. mai. I notatet kjem det fram at den einaste arten som vart høyrte inne på sjølve planområdet var to hekkande par med heippiplerke. Elles vart det registrert fleire ulike fuglearter i nærleiken, men desse hekkar i andre naturtypar. Orrfugl vart også observert, men ikkje innanfor planområdet sidan det truleg er for tett med einer og for små opne områder her.

I konsekvensutgreiinga er dei samla verknadane for naturmangfaldet slik:

*«Et økologisk funksjonsområde med tilhørende forekomst av arter blir påvirket av tiltaket. For dette vil tiltaket gi noe miljøskade. Analyser av samlet belastning gir ingen endring i denne konklusjonen, og føre-var-prinsippet er i stor grad inkludert i eksisterende verddivurdering. Tiltaket vurderes derfor å gi noe miljøskade (-) samlet sett.»*

Ettersom tiltaket medfører noko miljøskade, er det i konsekvensutgreiinga foreslått avbøtande og kompensierende tiltak. Dette gjeld mellom anna fjerning av framande artar, tilrettelegging for



skjøtsel av kystlynghei rundt planområdet, og at driftstider i anleggsperioden vert tilpasse hekketid og orrfuglleik.

Tilpassing av anleggsarbeid i hekkeperioden mellom 15. mars og 1. september er lagt inn som juridisk bindande krav i planføresegna punkt 2.5. Det er også sett inn krav i punkt 2.12 og 2.13 om at ein under anleggsarbeidet skal unngå mogeleg skade på artar, naturtypar og økosystem, hindre spreiding av framande, skadelege artar og fjerne allereie eksisterande uønskte planteartar.

I samband med utgreiinga av den vedtekne plassering av vassbehandlingsanlegget, vart også Albicilla naturfagrådgeving kontakta av Herøy vasslag. Bestillinga var ei ny vurdering av heilskapsverdiane knytt til fuglelivet og verknadane på dette inngrepsfrie naturområdet. Når det gjeld detaljplanen si påverknad på hekkande fugl vert det i rapporten vist til at planområdet ikkje tilfredsstiller krava til hekkeplass for dei aller fleste artar. Rapporten konkluderer med følgande:

*Samanlikna med det området som tidlegare var aktuelt for utbygging av vassbehandlingsanlegg, er det derfor neppe noko tvil om at plasseringa som er valgt no, har vesentleg mindre konfliktpotensiale over for hekkande og spesielt for sårbare hekkande artar.*

(...)

*Ut frå det som er vurdert i høve til det nye planområdet sin bruksverdi for hekkande fugl isolert sett, relativt trivielle og heller fattige vegetasjonssamfunn etter preliminær feltrapport frå området å døme, og at eksponeringa til eksisterande bilveg, tur- og utfartstrafikk må reknast som aktivitetsdempande for dei fugleartane som kunne ha vore aktuelle for eit liknande areal utan denne trafikken, må arealbrukskonflikter ved dette planalternativet forventast å vere små, eventuelt nær fråverande i høve til fugl.»*

Statsforvaltarens vurdering er at kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i planområdet er godt, og basert på kunnskap innhenta over fleire periodar og frå fleire kjelder. Konsekvensutgreiinga er utarbeidd med feltarbeid for å få eit så godt bilete av naturmangfaldet som mogeleg. Vi ser det som lite truleg at det finns andre naturverdiar i planområdet som ikkje er utgreidd. Dette baserer vi på at planområdet er lagt til eit areal som er sterkt endra gjennom tidlegare opparbeiding, og at området ligg like i nærleiken av allereie opparbeidd infrastruktur. Det gjer området mindre eigna for dei aller fleste fuglar og dyr også i dag. Etter vårt syn har derfor kommunen fått et godt bilde var konsekvensen som tiltaket har på naturmangfaldet i det vedtekne planområdet.

#### Landbruksinteresser

Planområdet med sine rundt rekna 20 daa ligg i si heilskap på dyrkbar jord. Gjennom plandokumenta kjem det fram at området i hovudsak berre har vore nytta som beitemark, og aldri som slåttemark. Området i er dag prega av attgroing og mykje einer sidan det ikkje lenger er nytta som beiteareal.

Landbrukskontoret i Herøy kommune skriv i ei fråsegn den 9. oktober 2024 at sjølv om anlegget vert liggande på dyrkbar jord, har tiltaket ei så stor samfunnsnytte at landbruksinteressene må vike. Vassleidningane skal gå langs ein opparbeidd tilkomstveg og vil difor ikkje føre til meir omdisponering av dyrkbar jord. Gjennom høyringsrundane har det heller ikkje kome merknader knytt til nedbygging av landbruksjord frå andre fagorgan som skal ivareta landbruksinteresser.

#### Friluftsliv

Området i Moltudalen og Moltufjellet er mykje brukt som rekreasjonsområde og som nærturterreng for fastbuande og tilreisande. Området er også utgangspunkt for lengre fjellturar og vert mykje



brukt til friluftsliv. I planomtalen er tiltaket si påverknad på friluftsliv og rekreasjon vurdert slik:

*«Vassbehandlingsanlegget vert liggande langs Nygjerdevegen og i område med start for mellom anna Stikk-UT turar, og vil såleis påverke opplevingar knytt til rekreasjonsbruk. Tiltaket vurderast ikkje å ha vesentlege konsekvensar for moglegheit for rekreasjonsbruk i området, men tiltaket vil kunne bidra til at området vert noko mindre attraktivt, og få noko forringa opplevd kvalitet som turområde. Det er i føresegnene sett rekkefølgjekrav om tilrettelegging av utopphaldsareal med parkering sør for vassbehandlingsanlegget. Området skal leggjast til rette for allmenta.»*

I planføresegne punkt 3.2.6, 3.3.1 og 3.3.1 er det sett inn mogelegheit for etablering av parkeringsplassar for brukarar av turområde, avsett areal til friområde og eit område for park der det kan leggjast til rette for uteopphald, leik, rekreasjon og ferdsel. Her kan det etablerast apparat for trening og aktivitet, med bord, benkar og ei tilpassa beplantning. Dette kan gjer området meir attraktivt og opne opp friluftsområde for nye grupper.

### Landskapsverknader


Moltudalen er karakterisert som eit område utan mykje høg vegetasjon og med godt utsyn mot hav og fjell. I planomtalen står det at området fell mot nord frå ca. kote + 208 og ned til sjøen. Tiltaket vil verte synleg i landskapsbiletet, og vil påverke nærområdet sin karakter i forhold til i dag. Planområdet er i dag lite påverka av utbygging, og gjev fri tilgang for allmenta. Etablering av vassbehandlingsanlegget vil difor medføre ei punktvis endring av det opne landskapet.

For å skjerme anlegget frå omgivnadane er det sett høgdeavgrensing for anlegget, og krav om at anlegget skal leggjast i terrenget og skjermast frå omgivnadane med kringliggande vollar, og opparbeidast på ein tiltalende måte. Sjå planføresegnene § 3.1.1.

Plandokumentet fastset til tross for dette tydeleg at tiltaket vil ha ein negativ konsekvens for landskapet. Kringliggande vollar vil endre området sin karakter innanfor planområdet, og gjennom endring i terreng og siktelinjer.

I notatet frå Albicilla naturfagrådgeving vert tiltaket sett opp mot dei samla landskapsverknadene. Fjellområdet på Gurskøya utgjer det største arealet av inngrepsfrie naturområde (INON-område - definert som areal med ein avstand meir enn 1 km frå «tunge, tekniske inngrep») i denne regionen. Plasseringa av anlegget er med planforslaget gjort i nærleiken av eksisterande tilkomstveg og kraftlinjetrasé, og verknaden på statusen som INON-område vert difor i notatet vurdert å være svært små.

Riksantikvaren har på si side teke Flåværleia inn i det landsomfattande registeret over kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Som vi ser av utklippet til høgre ligg planområdet (markert i rosa) sør for avgrensinga og kjem ikkje i direkte motstrid med desse interessene. Det er likevel klart at landskapsverknadene, både nært og på lang avstand, kan vert påverka med at anlegget vert plassert i ein til no nært urørt landskap. Desse forholda må difor takast omsyn til i interesseavveginga.






### Kulturminne

Slik det kjem fram av GisLink er det ingen registrerte kulturminne innanfor området. Basert på konkret informasjon frå grunneigarar i området om gamle hustufter og steingardar frå 1800-talet vart det likevel i planprosessen teke kontakt med kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune for å få meir informasjon.

Representant frå fylkeskommunen var på synfaring i området i september 2024. Her vart det funne steingardar og gamle hustufter, men desse var ikkje av ein alder som gjorde dei automatisk freda. Tuftene er utan krav til formelt vern. Som utklippet til høgre viser, er det sirkla rundt dei funna som vert liggande innanfor planområdet og som dermed kjem i konflikt med nytt vassbehandlingsanlegg.

Det vart konkludert med at det var lite sannsynleg at det ville være spesielle arkeologiske spor i dette området, men at minna burde takast vare på dersom det var mogeleg innanfor planområdet. Grunna statusen på kulturminna har ikkje fylkeskommunen som høyringsinstans hatt noko avgjerande merknader til at vassbehandlingsanlegget vert plassert over desse.



### Konklusjon

Statsforvaltaren ser at ein gjennom planarbeidet har fått utgreidd dei ulike tema på tilstrekkeleg vis. Kunnskapsgrunnlaget er godt og i samsvar med dei utgreiingskrav som vert stilt i ein planprosess.

### Kommunen si interesseavveging og vedtekne arealbruk

Gjennomgangen vår av saka så langt har vist at planvedtaket er gjort på eit tilstrekkeleg opplyst kunnskapsgrunnlag. Avslutningsvis tar vi stilling til interesseavveginga som ligg til grunn for vedtaket av reguleringsplanen. Her viser vi til pbl. § 12-12 om at det i saksframlegget til kommunestyret skal gå fram korleis innkomne merknader til planforslaget og konsekvensane av planen har blitt vurdert, og kva betydning disse er tillagt.

For denne reguleringsplanens del er det avgjerande at planens konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, landskapsverkander og andre relevante forhold er vurdert opp mot dei omsyna planen skal ivareta. Spørsmålet til slutt er difor om planvedtaket baserer seg på saklege omsyn og om kommunen har gjort ei slik avveging av interesser som regelverket krev.

Som tidlegare nemnt står det i nml. § 7 første punktum at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. I andre punktum heiter det vidare at «*vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen*».

Kva vekt prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova skal ha i interesseavveginga, avhenger av kva for naturmangfaldverdiar som finns, i kva omfang dei vil bli råka og av andre omsyn som gjer seg gjeldande i saka. Sjå Miljøverndepartementet si uttale i Planjuss 1/2012.

I planomtalen står følgjande om dei ulike konsekvensane av planen sett opp mot kvarandre:

*«Oppsummert vil tiltaket ta i bruk urørt natur, og vere i strid med gjeldande kommuneplan der området er sett av til LNF-område. Det vil også ha konsekvens for området sin karakter, natur og miljø, og ha noko konsekvens for rekreasjonsbruk. Når det gjeld tiltaket sin konsekvens for miljøet ved sjø er det i Statsforvaltaren sitt utsleppsløyve sett krav om avbøtande tiltak.*



(...)

*Det er store interessemotsetningar kva gjeld etablering av vassbehandlingsanlegget. Mange av merknadane som har kome inn ved varsling om oppstart påpeikar at etablering av tiltaket på ulike måtar vil ha stor konsekvens for bebuarar i nærområdet. Samtidig er det behov for etablering av trygg og framtidretta vassforsyning, noko også Mattilsynet har påpeikt er særskilt viktig å få fortgang i. Nytt vassbehandlingsanlegg vil på sikt kunne sikre trygt drikkevatt til heile kommunen. Etablering av tiltaket vil ha stor positiv konsekvens kva gjeld tryggleik for sikker vassforsyning og reint drikkevatt.»*

Vi ser at omsynet til naturmangfaldet og dei konsekvensane det planlagde vassbehandlingsanlegget påfører omgivnadane har vore eit gjennomgåande tema i planarbeidet. Ved vedtaket av planen har kommunestyret lagt stor vekt på behovet for etablering av trygg og framtidretta vassforsyning.

Når det gjeld særskilt om naturmangfaldet har kommunestyret lagt vekt på følgjande:

*«Planområdet grensar til registreringar av sårbare artar (Artsdatabanken) og ligg innanfor leveområde for kongeørn og hubro (Naturbasen). Ingen naturtypar var registrert nær planområdet før oppstart, men utslepp i Moltuvika ligg ved skjellsand lokalitet «Herøfjorden». GIS-data viser òg leveområde for hjort og orrfugl i sør. Dette har gjort kartlegging av effekt på naturmangfald og avbøtande tiltak nødvendig.»*

*Tiltakshavar har bestilt rapportar frå Runde Miljøseneter, Miljøfagleg Utredning AS, Albicilla naturfagrådgeving, landbrukskontoret og SWECO som går inn på temaet i tillegg til risiko knytt til forureining. Desse har resultert i tilpassingar som hindrar spreiding av svartelista artar, sikrar vegetasjonsetablering på utførte inngrep, og sett strenge krav til forureining i anleggs- og driftsfase. Nytt rekkefølgekrav (§5.2) sikrar også undersøking av bekkeløp. Statlege mynde har ikkje hatt merknader utover dette, og administrasjonen vurderer verknaden på naturmangfald som liten.»*

I saksframlegget til sluttbehandlinga er det vist til at landskapet er opent og langstrekt med få skjermende strukturar, bortsett frå enkelte skogparti. Nye tiltak vil vere godt synlege jamfør analyser i kartprogram, særleg frå fjellområda i vest og aust. Busetnad nordover vert i mindre grad påverka.

Friluftslivet vil også verte negativt påverka, men her har kommunen lagt vekt på at det er gjort tiltak i planen som dempar landskapseffekt (fasadetilting, lyssetting), og ved etablering av park/friluftsområde (f\_KG) med parkering (f\_PP). Tiltaka gir dermed både redusert negativ verknad og positive ringverknadar, t.d. ved betre tilgjenge for personar med mobilitetsutfordringar. Konsekvens for friluftsliv og landskapsverkander er vurdert som litt negativ til tross for kompensierende tiltak. Det er på den andre sida eit stort samfunnsmessig behov for utbetring av kvalitet på drikkevatt og meir føreseieleg tilgang. Etablering av anlegget kan også på sikt potensielt forsyne heile kommunen med vatn. Ein meir føreseieleg tilgang på vatn er også viktig med tanke på beredskapsmessige forhold som tilstrekkeleg tilgang på sløkkevatn for framtida.

Mattilsynet har bedt om fortgang i arbeidet med planen for opparbeiding av nytt vassbehandlingsanlegg, slik at Herøy vassverk kan setje i gang arbeidet med å sikre godt og nok drikkevatt til alle i forsyningsområdet. Dette har naturleg nok også veid tungt i avveginga, og gjort at kommunen har konkludert med at fordelane med arealbruken totalt sett er større enn ulempe.

Vår vurdering er at kommunen har gjort ei sakleg og forsvarleg interesseavveging av naturmangfaldsinteressene og omsynet til dei andre negative landskaps- og friluftsverknadane av tiltaket opp mot den store samfunnsmessige nytten som eit nytt vassbehandlingsanlegg har. Konsekvensane for naturmangfaldet er i denne saka ikkje vurdert å vere særleg store. Andre omsyn



som gjer seg gjeldande i saka kan difor leggast større vekt på. Saksbehandlinga er gjort i samsvar med nml. § 7 og pbl. § 12-12.

Statsforvaltaren ser at kommunen har synleggjort dei ulike interessene og omsyna som gjer seg gjeldande i saka. Det er gjort vurderingar av alternative løysingar for arealbruken. Det er også gjort konkrete utgreiingar av moglege konsekvensar med tiltaket. Med bakgrunn i dette har kommunen gjort ei interesseavveging og vurdering av arealbruken. Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til kommunen si arealbruksvurdering.

### Oppsummering

Samla sett er det vår vurdering at Herøy kommune har gjort ei grundig vurdering av arealbruken og dei klagepunkta som er tatt opp. Klagepunkta har også vore handsama undervegs i planprosessen gjennom fleire rundar. Ingen av sektormyndighetene har hatt motsegn til planvedtaket.

Etter ein gjennomgang av klagesaka finn ikkje Statsforvaltaren at det føreligg saksbehandlingsfeil som kan ha verka inn på saksutfallet. Kommunestyret si arealbruksvurdering byggjer på saklege planfaglege og forvaltningsmessige krav, og vedtaket er gjort på eit tilstrekkeleg opplyst grunnlag. Vi stadfester difor kommunen sitt planvedtak. Klagen har ikkje ført fram.

### Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren stadfestar Herøy kommune si godkjenning av detaljreguleringsplan for vassbehandlingsanlegg i Moltudalen, i sak 126/25 den 11. desember 2025.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, sjå forvaltningsloven § 28.

Partane har fått kopi av dette brevet, og er dermed orientert om vedtaket.

Med helsing

Andreas Welle Rusten (e.f.)  
seniorrådgivar

Therese Småland  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Kopi til:

<b>HERØY VASSLAG SA</b>	<b>Kvithaugsmyra 71</b>	<b>6092</b>	<b>FOSNAVÅG</b>
<b>SPORSTØL ARKITEKTER AS</b>	<b>Postboks 301</b>	<b>6067</b>	<b>ULSTEINVIK</b>
<b>Lennart Lillestøl</b>	<b>Nygjerdevegen 41</b>	<b>6076</b>	<b>Moltustranda</b>
<b>Magnar Lillestøl</b>	<b>Gardakroken 4</b>	<b>6076</b>	<b>Moltustranda</b>
<b>Bjarne Marvin Moltumyr</b>	<b>Myrabakken 9</b>	<b>6076</b>	<b>Moltustranda</b>
<b>Berit Moltu</b>	<b>Avaldsnesgata 13 B</b>	<b>4012</b>	<b>Stavanger</b>